

Skiløparen funnen død

30.03.2013

36-åringen frå Litauen vart i føremiddag funnen død i Englafjell rett opp for Døsland og Feet. Mannen hadde etter alt å dømme falle utfor fjellet. Mannskap frå hjelpekorps i Kvinnherad sto klare til å setja igang søk då meldinga kom.



Helikopteret under hentinga av skiløparen (Foto: Hans Reidar Kjærland)

HusnesNett får opplyst at skiløparen var sett frå helikopteret seint i går kveld og at ein kjentmann med hund tok seg fram til staden i dag.

Mannen vart henta med helikopteret ved 11-tida.

Staden der han vart funnen heiter frå gammalt Slettabrekko. Der gjekk dei eit ras tidlegare i vinter og det er uframkommeleg i området på denne tida av året. Staden ligg omtrent halvvegs ned for den 1200 meter høge toppen på Englafjell.



Skiløparen vart funnen der ein ring er teikna inn. Hans Reidar Kjærland tok biletet frå andre sida av dalen medan operasjonen var igang
Av Kristian Hus og Ola Matti Mathisen



Litauaren vart funnen i Englafjell rett opp for Døsmland. Foto: Ola Matti Mathisen